

**Meland kommune**  
v/Kristin Nåmdal

Dykkar ref.:  
Vår ref.: BJS

Dato. 29.09.2014

## **Gjeld innspel til kommuneplan**

Vi er eigar av g.nr./b.nr. 43/7, 43/16 og 43/17 på Ryland.

Innspel gjeld i hovudsak planer om næringsareal omtalt som "Område nr. 104, Ryland" på s.164 i Konsekvensutgreiinger for kommuneplanens arealdel.

Kan først bemerka at det riktige Gnr/Bnr. for Grønåsmøyren skal vera 43/17 og ikkje 43/16 slik det står i overskrifta.

- Vi stiller spørsmål ved om det er behov for eit kontorlandskap på bortimot 500 daa i dette området. Det er om lag 3 gonger så stort som det som ligg på Mjåtveitflaten i dag.
- Vi er i mot å bandlegga eit stort areal dersom det er snakk om "kanskje" og "langt fram i tid"
- Arealet ligg i hovudsak i nedslagsfeltet til det verna Rylandsvassdraget.
- Ein bør setta av areal til nye vegar - Eksisterande vegar har ikkje kapasitet eller styrke til den store trafikkauken.

Vi meiner dette næringsområdet er unødvendig, feilplassert og kan med fordel flyttast til andre planlagte eller eksisterande næringsområder.

Det kan gå lang tid – mange ti-år før det vert behov for å bygga ut dette næringsområdet. Det vil i så fall bandlegg eit stor areal for eigarane på ubestemt tid. Dette arealet bør i staden fortsette som LNF-område og evt. kome inn i seinare planer dersom det er behov for det. Det er planlagt næringsareal fleire stader i kommunen der ein med fordel kan samle all næring. Det er t.d. plass til meir næringsareal ved steinknuseverket og ved Alfa Laval si bedrift. (tidligere FRAMO) på Hjertås .

Når det gjeld det som kjem fram på s.165 i Konsekvensutgreiinger for kommuneplanens arealdel, må vi bemerka:

- **Påstand:** "Naturmangfald - Det er ikkje registrert rødlistarter – men registrert ål i Eikelandsvatnet"
- **Merknad:** Ål er på rødlista under kategorien "Kritisk truet (CR)" Dessutan ligg store deler av arealet i nedslagsfeltet til det verna Rylandsvassdraget der det òg finns ål.
- **Påstand:** "Teknisk infrastruktur - Vann, avløp er tilrettelagt"
- **Merknad:** Avløp er ikkje tilrettelagt her.

Så vert det lagt opp til ein stor auke i boliger i Rosslandskrinsen. Vi savner planer for korleis ein skal avvikla den auka trafikken samt bygja opp om trafikktryggleik på hovudvegane. Det trengs ein opprusting av vegen mellom Fløksand og Rossland. Den har allereie i dag begrensa kapasitet og ligg på dårleg grunn.

Ein ny og betre veg bør koma på plass før ein legg opp til nye bolig- og næringsareal.

Ein bør allereie no setta av areal til nye vegtrasear både frå Fløksand til Ryland/Eikeland og forbi Vikebø/Rossland, jmf. punkt 4.6.7/omsynssone H810\_4

Konklusjon:

Vi meiner dette arealet må takas ut av planen og forbli LNF-område.


Planer for betre vegar og areal til nye vegtrasear frå Fløksand til Rossland må prioriterast.

Bjarte J. og Randi Skintveit

29/9-14  
Bjarte J. Skintveit, Randi Skintveit

Vedlegg kart med forslag til ny vegtrase

Innspeil til kommuneplan - Forslag til ny vegtrase Fløksand til Vikebø - Bjarte J. Skintuuit 29/9 14



Leirvik

N 10

SE

19960529

19860611

Utsnitt kommuneplan høyringsutkast

